

PROTOKOLL

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Tidspunkt: 24.02.16, kl. 12.15-13.40

Stad: Seminarrom 1, Øysteinsgate 3.

Til stades:

Claus Huitfeldt, Stig Holter, Ole Martin Skilleås, Hilde G. Corneliussen, Kjetil Berg Henjum, Tove Ingebjørg Fjell, Kari Jegerstedt, Michael Grote, Birgit Årdalsbakke Mjeldheim, Sigbjørn Løland Torpe.

Obervatørar: Julie Tønsaker Watkins, Aleksander Morland, Silje Grønner Stang, Inger Marie Hatløy.

I Godkjenning av innkalling

Det vart kommentert at sakspapira kom svært seint og at dette må verte betre til komande møte.

II Protokoll frå møte i Studiestyret 21.01. 2016

Godkjend.

III Saker til orientering

Diverse orienteringar, bl.a.:

- Status for HF 2018: Prosjektgruppa har hatt møte i dag og diskutert dei innsende innspela frå fagmiljøa og studieadministrativt seminar den 19.2. Møta med fagmiljøa i veke 4 og 5 var både positive og informative. Det har så langt ikkje kome konkrete forslag om nedleggingar eller opprettingar av program. Prosjektet innhenter ein del relevant studiestatistikk, som vil bli gjort tilgjengeleg for Studiestyret.
- Rettleiande retningslinjer for sensur frå UHR.
Det er førebels ikkje sendt ut nærare informasjon frå UiB sentralt om kva for implikasjonar dei nye retningslinjene skal få ved UiB. HF vil følgje opp overfor UiB sentralt og undersøkje korleis vi skal forhalde oss til dei nye retningslinjene.
- Høyring om karakterskala bestått/ikkje-bestått.
- Fuskekomité ved HF til handsaming av plagiatsaker. Fakultetet formaliserer med dette gjeldande rutiner og praksis for sakshandsaming av plagiatsaker, men i tillegg blir no

dekanen den som formelt godkjenner fakultetet si avgjerd i ei kvar sak. Prodekan for utdanning er med i sjølve komitevurderinga av sakene. Tidlegare har sakene blitt handtert administrativt, mens det no er fagleg side som godkjenner vurderingane. Institutta ønskjer seg betre malar for korleis slike saker skal dokumenterast før innsending til fakultetet. Dei ønskjer seg også tydelege retningslinjer for korleis ein skal handtere saker der studenten kan ha plagiert, men instituttet meiner at dette ikkje er gjort med overlegg, eller der ein kan rekna plagieringa som dårleg handverk. Er det sanksjonar/reaksjonar som institutta kan ta i bruk når konklusjonen er at saka ikkje bør reknast som ei formell plagierings-/fuskesak? Fakultetet noterer seg behovet for utarbeiding av malar og vil følge dette opp.

Sak 4/16: Utdanningsmelding for 2015 for Det humanistiske fakultet

Vedtak

Studiestyret godkjenner Utdanningsmeldinga for 2015 med dei endringane som kom fram i møtet, og oversender meldinga til fakultetsstyret for endeleg handsaming.

Sak 5/16: Programsensorrapportar

Programsensorrapportane for kulturvitskap og litteraturvitskap manglar kommentar frå fagmiljøet/programstyret. Alle programsensorrapportane skal følgjast av kommentar frå programstyra som viser korleis programstyra/fagmiljøa vil arbeide med innspela i rapporten.

Vedtak

Studiestyret tar programsensorrapportane og fagmiljøa sine kommentarar til orientering, med unntak av litteraturvitskap og kulturvitskap sine.

Det blir innhenta kommentar frå dei to nemnde fagmiljøa. Om det kjem fram vesentlege ting i kommentarane frå fagmiljøa, blir rapportane lagde fram for Studiestyret på nytt.

17. mars 2016

Claus Huitfeldt
prodekan for undervisning og internasjonalisering

Ranveig Lote
studiesjef